

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
056/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.09.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	15/240	18/11860

### Turløype på Manger - lyssetting

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

I sak 23/2018 vedtok kommunestyret følgjande oversendingsframlegg til formannskapet:  
*Kommunestyret ber formannskapet koma med ei vurdering av lyssetting av turløypa på Manger, i kva grad dette er inkludert i eksisterande planar, eller om det må setjast av tilleggsmidlar til å setja opp "lysstolpar".*

Planlegging av turløype på Manger vart starta i 2015 og første trinn av turveg / lysløype på Manger vart ferdig i 2016. I investeringsbudsjettet for 2018 er det sett av kr. 2600.000 til vidare bygging av turvegen. Arbeidet er prosjektert og har vore på anbod, og kostnaden er innanfor budsjett.

I den delen av vegen som er opparbeida og i prosjektert veg er det noko arbeid for å førebu seinare oppsett av lys, mellom anna er røyr lagt i vegen. Oppsetting av stolpar og anna naudsynt arbeid for å få lys i løypa, har så langt ikkje vore prioritert arbeid innanfor tildelte midlar. Status er derfor at det på eit tidspunkt må løyvast midlar til lyssetting. Dette kan gjerast ved å løyve midlar for deler av vegen no eller for heile vegen nå siste del av løypen skal prosjekterast og utførast.

For raskt å få full utnytting av løypa om hausten og vinteren kan det vere tenleg å setje opp lys for den delen av løypa som allereie er bygt og prosjektert.

Det vert arbeid med kostnadskalkyle på lyssetting av turløypa. Dette vert ettersendt som vedlegg til saka.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

#### Formannskapet i Radøy - 056/2018

##### FS - handsaming:

Kostnadsestimat for lyssetting vart ettersendt formannskapet på e-post.

Rådmannen meiner at med nye opplysningar om kostnader på godt over ein million kroner, vil det vera fornuftig å ta denne investeringa inn i budsjetthandsaminga for 2019.

Ordførar Jon Askeland sette fram følgjande fellesframlegg:

Saka vert tatt inn i budsjetthandsaminga for 2019.

Formannskapet vedtok samrøystes framlegg sett fram i møtet.

**FS - vedtak:**

Saka vert tatt inn i budsjetthandsaminga for 2019.